



Melding om vedtak

Kommunal- og regionaldepartementet

Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.
2008/636 - 10325/2008

Inger- Marie Nordland

Arkivkode
023

Dato
29.04.2008

Høyring om forvaltingsreform - framlegg om nye oppgåver til det folkevalde regionale nivået

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen kan sendast skriftleg til avdelinga som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Namn på sakshandsamar går fram av vedlagte sak. Ved eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast via kommunen sitt sentralbord.

Med helsing

Inger- Marie Nordland
administrasjonssekretær



Uttalssak nr.	Uttal	Møtedato
35/08	Levekårsuttalet	08.04.2008
33/08	Formannskapet	10.04.2008
47/08	Kommunestyret	24.04.2008

Høyring om forvaltingsreform - framlegg om nye oppgåver til det folkevalde regionale nivået

Saksdokument vedlagt:

Høyringsbrev frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) 26.2.08

Høyringsnotat frå KRD, s. 1 – 10, med m.a. samandragkapittel og oppsummering av dei aktuelle oppgåvene.

Vedlegg 1 til høyringsnotatet, oppretting av regionale forskingsfond, samandrag.

Saksdokument ikkje vedlagt: Høyringsnotat, om lag 150 sider A4.

Heile notatet kan lesast på www.regjeringa.no/krd

Saksutgreiing:

Saka går til uttale i levekårsuttalet.

Saka går til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast endeleg i kommunestyret.

Bakgrunn

Kommunal- og regionaldepartementet sende 26.2.08 ut det ovannemnde notatet til høyring med frist 30.4.08. I høyringsbrevet peikar departementet på at notatet konkretiserer framlegg om oppgåver som kan flyttast frå statleg til regionalt nivå, med bakgrunn i St. meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid* og Innst. S. nr. 166 (2006-2007).

Departementet har dessutan i brev 15.11.07 orientert kommunar og fylkeskommunar om utsett frist til 30.4.08 for å uttala seg om den regionale inndelinga.

Alle framlegga gjeld overføring til fylkeskommunane, samanslegne fylkeskommunar, eller større einingar t.d. "Vestlandsregionen". I notatet nyttar departementet nemninga "region", uavhengig av det endelege utfallet i spørsmålet om regional inndeling.

Høyringsinstansane kan og uttala seg om framlegga som gjeld moglege regionale forskingsfond i vedlegg til notatet.

Framlegga gjeld overføring av oppgåver i ansvarsområdet til 7 departement. Nedanfor er ein breitt utval av dei konkrete oppgåvene nemnde stikkordsvis.

Fiske- og kystdepartementet

Konsesjonar for fiskeoppal, og motsegn til kommunale planar på vegner av desse interessene.

Kunnskapsdepartementet

Ansvar for tilbod om godkjend fagskuleutdanning, der regionen skal kunna velja offentlege eller private løysingar. To styrerepresentantar ved høgskulane. Fordela avkastinga av nye regionale forskingsfond frå 2010.

Kultur- og kyrkjedepartementet

Fullt ansvar for fordelinga av spelemidlar til lokale og regionale kulturbygg og til idrettsanlegg, men dette er avhengig av ein gjennomgang av tildelingskriteria, truleg ferdigstilt i 2009. Oppnemning av styreleiar og nokre av styremedlemene til region- og landsdelsinstitusjonar og knutepunktinstitusjonar.

Landbruks- og matdepartementet

Forvaltning av bygdeutviklingsmidlar.

Miljøverndepartementet

Jakt, fiske og vern på vilt og fisk i innlandet. Ivaretaking og tilrettelegging for ålment friluftsliv. Forvaltning av vatn etter vassforvaltingsføresegna. Styrkt rolle i regional planlegging og med klimautfordringa.

Nærings- og handelsdepartementet

49% eigarskap i Innovasjon Noreg.

Regionale selskap saman med SIVA, med kontantinnskot frå regionane.

Samferdselsdepartementet

Ansvar for 80% av vegnettet, fråsett kommunale vegar.

Einskilte oppgåver i planlegging etter plan- og bygningslova, og drift av kollektivtransport. (Ved evt. innføring av store regionar har departementet meir vidtgåande framlegg.)

Forskningsfond

Forskningsrådet gjer framlegg om at det vert oppretta 5 – 7 regionale fond, der avkastinga skal disponerast av styringsorgan med fleirtal oppnemnt av regionen. Føremålet er m.a. utvikling og verdiskaping i regionen.

Vurdering:

Framlegga har ingen direkte verknad for omfanget av kommunale oppgåver.

Av omsyn til det vidare arbeidet ber departementet om at høyringsinstansane redigerer sine synspunkt slik at det går fram kva departementsområde fråsegna gjeld.

Kommunestyret avgjer sjølv om Lindås skal gje høyringsfråsegn.

Rådmannen legg saka fram til drøfting og mogleg vedtak:

Handsaming i Levekårsutvalet - 08.04.2008

Ingen merknader.

Samrøystes.

Uttale i Levekårsutvalet - 08.04.2008

Ingen merknader.

gHandsaming i Formannskapet - 10.04.2008

Framlegg frå A.Aa. Byrknes, Krf:

Høyring om forvaltningsreform – framlegg om nye oppgåver til det folkevalde regionale nivået

vert teke til orintering.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 10.04.2008

Høyring om forvaltningsreform – framlegg om nye oppgåver til det folkevalde regionale nivået

vert teke til orintering.

Handsaming i Kommunestyret - 24.04.2008

Framlegg frå A. Valle, Sp:

Lindås kommunestyre tek til orientering at høyringsutkastet ikkje samsvarar med dei ambisjonane Regjeringa sjølv hadde for Forvaltningsreforma.

Reforma skulle vera ei markert demokratireform, med auka folkevald styring til regionane, noko som ikkje viser mykje att i høyringsnotatet.

Tilhøvet mellom Fylkesmannen og Regionalt nivå er heller ikkje godt nok avklart, t.d på miljø og landbruk.

Lindås kommunestyre oppmodar Hordaland fylkesting om å arbeida vidare med sikte på å etablera ein Vestlandsregion på lenger sikt.

Lindås kommunestyre vil støtta arbeidet for å styrkja Vestlandet som verdiskapingsregion og motmakt til den sterke sentralstyringa som rår i dag.

Framlegget fekk 17 røyster (Ap,SV,V,Sp/Krf og vert vedteke

Framlegg frå B. Vatnøy, Frp:

Lindås kommune vil styrke det kommunale selvstyret i kombinasjon med økt brukermedvirkning og delegering av makt ned til lokale politiske organer. Kommunene må selv ha muligheten til å kontrollere deler av sine inntekter og utgifter, og organisere sine tilbud på den måten de mener innbyggerne har størst utbytte av. I tillegg må grunnleggende velferdsgoder som helsetjenester, sosialtjenester og utdanning sikres befolkningen uavhengig av kommunal økonomi. Disse oppgavene bør finansieres gjennom innføring av en differensiert stykkpris. Denne må være et statlig ansvar, men selve tjenesten og den administrative utførelsen skal leveres lokalt. Lindås kommune ønsker å beholde generalistkommunebegrepet, men mener samtidig at dette betyr en utvikling av færre og større kommuner som omfatter felles arbeids-, bo- og serviceområder. Disse nye primærkommunene kan overta en stor del av oppgavene fra dagens fylkeskommuner. I tillegg bør staten desentralisere nye oppgaver til disse større kommunene.

Framlegget fekk 9 røyster og fall

Vedtak i Kommunestyret - 24.04.2008

Lindås kommunestyre tek til orientering at høyringsutkastet ikkje samsvarar med dei ambisjonane Regjeringa sjølv hadde for Forvaltningsreforma.

Reforma skulle vera ei markert demokratireform, med auka folkevald styring til regionane, noko som ikkje viser mykje att i høyringsnotatet.

Tilhøvet mellom Fylkesmannen og Regionalt nivå er heller ikkje godt nok avklart, t.d på miljø og landbruk.

Lindås kommunestyre oppmodar Hordaland fylkesting om å arbeida vidare med sikte på å etablera ein Vestlandsregion på lenger sikt.

Lindås kommunestyre vil støtta arbeidet for å styrkja Vestlandet som verdiskapingsregion og motmakt til den sterke sentralstyringa som rår i dag.

